

Styremøte SFSG 14.9.18 Fellekjøpet Skei

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Jostein Flatland, Odd-Jarle Øvreås (via Skype) og Solgun Haugen
Forfall: Thomas Manseth Bjørhovde

Jon Øvrebø og Ove Sørestrand var tilstades under sak 39/18

Sak 34/18. Tilbakemelding frå styremedlemmane på kva dei har delteke på sidan førre styremøte
Utsett til neste møte

Sak 35/18. Oppdatert rekneskap
Styret tok rekneskapet til orientering.

Sak 36/18. Eventuelt «Nytt» frå Avlsutvalet sau, Gjetarhundnemnda og Geitegruppa
Avlsutvalet for sau – utsett til neste møte
Geitegruppa – hadde møte 5.september, der hovudsaka var planlegging av geitehelga i november.
Gjetarhundnemnda – utsett til neste møte
Ammegeit gruppa – utsett til neste møte

Sak 37/18. Samling for tillitsvalde 26. - 27. oktober. Program. Invitasjon – fordeling av arbeidsoppgåver. Invitasjon til «gruppene» som vi har oppnemnt. Kven skal betale for desse?
Styret jobba med programmet for samling for tillitsvalde. Det var vanskeleg å få folk til å stilla. Det vart jobba med ulike alternativ.

Det vart bestemt at medlemmane i geitegruppa, gjetarhundnemnda og avlsutvalet skal inviterast til samlinga. SFSG dekkar reise og opphald for ein person frå kvar gruppe/utval. Dei andre medlemmane må dekkja dette sjølv, med mindre dei får det dekkja som ordinære utsendingar frå lokallag/fylkestyre.

Det vart sendt ut e-post til lokallaga med dato, pris, påmelding. Programmet vart ettersendt når det er klart.

Sak 38/18. Innspel jordbrukstingingane 2019. Organisering og tidsplan.

Jordbrukstingingane vart tema på «Samling for tillitsvalde». Der vart det og sett ned ei arbeidsgruppa som skal utarbeida eit forslag til Sogn og Fjordane Sau og Geit sitt innspel til jordbrukstingingane 2019. Arbeidsgruppa kan be om innspel og tilbakemeldingar frå lokallaga i utforminga av innspelet . Når innspelet er ferdig skal handsamast i styret i SFSG i desember. Dokumentet vart deretter sendt ut på høyring til alle lokallaga ved lokallagsleiar og sekretær, med høyringsfrist i starten av februar 2019. Svara frå høyringsrunden vart handsama i styremøte i SFSG i starten av februar, før endeleg innspel frå SFSG vart sendt til NSG sentralt, samt NB og BSL sine fylkeslag i Sogn og Fjordane.

Jordbrukstingingane vart ikkje ei sak på fylkesårsmøtet, men lokallaga vart oppmoda til å ha det som sak på lokallagsårsmøte, og senda høyringssvar til fylkeslaget. Jordbrukstingingane kan vera tema under lokallaga sine time etter fylkesårsmøtet.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 39/18. Beitesesongen 2018. Kva veit vi so langt? Ulveangrep – missnøye med organiseringa av fellingsforsøk. Det kjem ein eller to frå det aktuelle området.

Jon Øvrebø og Ove Sørestrand kom og informerte om ulveangrep i sommar og deira erfaringar med bla fylkesfellingslaget og organisering av jakta.

Dei stilte ein del kritiske spørsmål ved organiseringa av fylkesfellingslaget.

Fylkesfellingslaget har ikkje lokal styring, då leiar i Rogaland. Dette fungerer dårleg/ikkje.

Kven har gjeve Vestskog mandat til å organisera fylkesfellingslaget ?

Kvifor vert ikkje næringa teke med på «råd».

Organisering av fylkesfellingslaget vart diskutert, og om ein er pliktig å bruka fylkesfellingslaget ved skadefelling. SFSG sender e-post til Vestskog med spørsmål om organisering, mandat, tidsrom for eventuell avtale/mandat. SFSG kontaktar Sogn og Fjordane Bondelag og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag for å drøfte ordninga med fylkesfellingslag og skadefelling av rovdyr.

Sak 40/18. Årsmøte 2019. Program fagdag. Fordeling av arbeidsoppgåver.

Årsmøtet vert 28.februar med fagdag den 1.mars. Styret diskutert tema for fagdagen.

Sak 41/18. Medlemsverving, eit av dei fire satsingsområda til NSG – kva gjer vi?

Det er reduksjon i medlemskontingenten, som følgje av at færre har betalt medlemskontigent.

For å motivera til medlemsverving, vert det sett opp ein personleg vervepremie til den som vervar flest nye medlemmer (minimum 3) innan 31.12.18. Nyverva medlemmar betalar ½ pris ut året.

Lokallaga vert oppfordra til verving.

Styret jobbar med fornying av apotekavtalane.

Sak 42/18. Oppfølging «gamle saker». Organisasjonsnummer, lagsnamn, medlemsverving.

Utsett saka til neste møte.

Sak 43/18. Ymse

a) Krav om betalt medlemskontingent for å stilla til kåring

Styret sende e-post til Thor Blichfelt med oppfordring om at det vert lagt inn informasjon på denne sida <https://www.saueavl.nsg.no/gard/> om at det er krav om medlemskap i NSG for å få kåra.

b) Atle Løvland - oppfordra medlemmar til å ettersørja sau i medlemsbutikkane.

Ragnhild har vorte kontakt av Atle Løvland om å oppfordra medlemmar om å ettersørja sau i medlemsbutikkane for å få opp etterspurnaden etter sauekjøt.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599